

HANDLINGSPLAN FOR LANDBRUKET I MIDT-GUDBRANDSDAL 2009 – 2012



Kulturlandskap i Sør-Fron

FORORD

Hausten 2004 laga faglaga i landbruket, landbrukskontora i Midtdalen og Fylkesmannen i Oppland *Handlingsplan for landbruket i Midt-Gudbrandsdal 2005 – 2008*. Planen har vore følgd opp av Primærnæringsutvalet i Midt-Gudbrandsdal der det sit representantar frå alle faglaga. I tillegg har landbrukskontora og Fylkesmannen deltatt i arbeidet. Det er i løpet av planperioden på fire år gjennomført fem tiltak. Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal har støtta tiltaka økonomisk. Eit tiltak har fått støtte frå Bygdeutviklingsmidla.

Primærnæringsutvalet vedtok å rullere planen for ny planperiode, 2009 – 2012. Arbeidet er gjort ved at representantar frå faglaga, landbrukskontora og Fylkesmannen i Oppland har gjennomført to møte hausten 2008. Følgande representantar har deltatt i arbeidet:

Ole Petter Berget, Nord-Fron Bonde- og småbr.lag	Åge Ekre, Nord-Fron Bondelag
Tor Tøftestuen, Nord-Fron Bonde- og småbr.lag	Øyvind Sandvold, Nord-Fron Bondelag
Petter Vaet Spjotum, Fron Skogeigarlag	Hans Sletten, Fron Skogeigarlag
Jostein Tromsnes, Ringebu-Fåvang Skogeigarlag	Kjell Arne Kaus, Ringebu Bondelag
Øyvind Nordrum, Ringebu-Fåvang Skogeigarlag	Knut Thujord, Fåvang Bondelag
Fride G. Rudi, Ringebu-Fåvang Bonde- og småbr.lag	

Desse har vore sekretærar:

Eldri Siem, Landbrukskontoret i Nord-Fron
John-Ludvik Dalseg, Midt-Gudbrandsdal Landbrukskontor
Anne Berit Grasbakken, Fylkesmannen i Oppland

Den nye planen for 2009 – 2012 vidarefører mye av det som stod i forrige plan. Både mål og satsingsområde er det same. I tiltaksdelen er det gjort nokre endringar.

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal har støtta arbeidet med planen økonomisk.

Primærnæringsutvalet fortset som ansvarleg i forhold til oppfølging i den nye planperioden. For kvart år vil primærnæringsutvalet prioritere eit eller fleire tiltak som skal gjennomførast.

Handlingsplanen skal vere ein guide eller ei rettesnor for arbeidet med å utvikle landbruket. Planen er ikkje på nokon måte uttømande, så det er viktig å vere ope for andre tiltak enn dei som er nemnde i planen, forutsett at tiltaka er gode og at dei samsvarer med målet og med dei fem satsingsområda i planen.

Sør-Fron, 2. april 2009

Petter Vaet Spjotum

Jostein Tromsnes

Oddgeir Skansgård

Svein Søreng

Knut Thujord

Eivind Bergseth

Roar Uhlen Aasmundstad

1. SITUASJONEN I LANDBRUKET I MIDT-GUDBRANDSDAL

For å gje eit bilde av situasjonen og utviklingstrekk i landbruket i Midt-Gudbrandsdal, er det i dette kapittelet presentert nokre tal.

Først kjem ei oversikt over areal, folketal m.m. i dei tre Midtdalskommunane:

<i>Nord-Fron kommune:</i>			
Areal: 1 145,0 km ²			
Innbyggjarar 1.1.1990: 6 192			
1.10.2008: 5 814			
		Jordbruksareal i drift	<u>1999</u> <u>2003</u> <u>2008</u>
			45 897 45 438 43 812
Næringsstruktur 2006 (SSB)			
Primærnærings:	8,5 %	Søkarar produksjons-	
Sekundærnærings:	26,1 %	tilskott	322 287 261
Tertiærnærings:	64,7 %		

<i>Sør-Fron kommune:</i>			
Areal: 732,0 km ²			
Innbyggjarar 1.1.1990: 3 486			
1.10. 2008: 3 152			
		Jordbruksareal i drift	<u>1999</u> <u>2003</u> <u>2008</u>
			35 450 38 116 38 925
Næringsstruktur 2006 (SSB)			
Primærnærings:	13,2 %	Søkarar produksjons-	
Sekundærnærings:	24,1 %	tilskott	218 195 185
Tertiærnærings:	62,0 %		

<i>Ringebu kommune:</i>			
Areal: 1 249,0 km ²			
Innbyggjarar 1.1.1990: 5 200			
1.10.2008: 4 528			
		Jordbruksareal i drift	<u>1999</u> <u>2003</u> <u>2008</u>
			48 048 47 867 48 532
Næringsstruktur 2006 (SSB)			
Primærnærings:	13,2 %	Søkarar produksjons-	
Sekundærnærings:	22,2 %	tilskott	335 287 257
Tertiærnærings:	64,1 %		

På neste side følger nokre tabellar som syner areal i drift (utarbeidd av Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga). Trenden er færre men større bruk når det gjeld areal.

Totalt jordbruksareal

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	46201	45 802	45 744	45 856	45 438	45 811	45884	45738	46577	43812
Sør-Fron	35494	36 725	37 023	37 143	38 116	37 604	38771	39061	38834	38925
Ringebu	48366	48 304	47 893	47 783	47 867	47 981	48639	49095	48704	48532
Midt-Gudbrandsdal	130061	130831	130660	130782	131421	131396	133294	133894	134115	131269


Tal på driftseiningar

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	316	317	307	300	287	280	269	265	262	261
Sør-Fron	214	218	218	207	198	190	189	187	187	185
Ringebu	335	335	331	298	287	280	274	274	262	257
Midt-Gudbrandsdal	865	870	856	805	772	750	732	726	711	703


Areal pr driftseining

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	146,2	144,5	149,0	152,9	158,3	163,6	170,6	172,6	177,8	167,9
Sør-Fron	165,9	168,5	169,8	179,4	192,5	197,9	205,1	208,9	207,7	210,4
Ringebu	144,4	144,2	144,7	160,3	166,8	171,4	177,5	179,2	185,9	188,8
Midt-Gudbrandsdal	150,4	150,4	152,6	162,5	170,2	175,2	182,1	184,4	188,6	186,7
Midt-Gudbrandsdal	150,4	150,4	152,6	162,5	170,2	175,2	182,1	184,4	188,6	186,7
Oppland	153,8	156	160,5	168,2	176,2	182,5	188,4	191,1	194,6	196,9

Antall driftsenheter - kommunevis



Jordbruksareal pr driftsenhet - Midt-Gudbrandsdal og Oppland



Neste tabell syner fordeling av arealet etter vekstgrupper, jamfør søknad om produksjonstilskot 31.07.08

TAL PÅ DEKAR OG SØKARAR MED DEI ULIKE VEKSTGRUPPENE 31.7. 2008

	GROVFÖR		KORN		POTET		GRØNNSAKER		FRUKT OG BÆR	
	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE	ANTALL DEKAR	ANTALL SØKERE
NORD-FRON	40540	235	3269	32	2	2	0	0	0	0
SØR-FRON	34859	168	4040	41	12	8	1	1	3	2
RINGEBU	46869	235	1586	17	40	6	3	1	21	2
MIDT-GUDBR.	122268	638	8895	90	54	16	4	2	24	4
OPPLAND	812998	4442	213968	1318	13453	321	7801	87	1632	53

Tabellen under syner utvikling i talet på mjølkekyr.

MJØLKEKYR 1999 - 2008

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	1850	1903	1744	1709	1637	1540	1560	1521	1553
Sør-Fron	1325	1496	1287	1267	1264	1262	1231	1203	1232
Ringebu	1988	2019	1850	1888	1911	1849	1780	1789	1777
Midt-Gudbrandsdal	5163	5418	4881	4864	4812	4651	4571	4513	4562


Antall bruk med ku

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	134	124	108	100	91	86	82	81	76
Sør-Fron	90	88	71	68	65	64	62	58	57
Ringebu	145	139	126	121	119	116	104	96	90
Midt-Gudbrandsdal	369	351	305	289	275	266	248	235	223


Antall ku per bruk

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	13,8	15,3	16,1	17,1	18,0	17,9	19,0	18,8	20,4
Sør-Fron	14,7	17,0	18,1	18,6	19,4	19,7	19,9	20,7	21,6
Ringebu	13,7	14,5	14,7	15,6	16,1	15,9	17,1	18,6	19,7
Midt-Gudbrandsdal	14,0	15,4	16,0	16,8	17,5	17,5	18,4	19,2	20,5
Midt-Gudbrandsdal	14	15,4	16	16,8	17,5	17,5	18,4	19,2	20,5
Oppland	13,8	14,5	15,3	15,9	16,6	16,6	17,6	18,1	19,6

TAL PÅ BRUK MED KU



Tal på ku per bruk - Midt-Gudbrandsdal og Oppland



Utvikling i talet på purker/avlspurker

AVLSPURKER 1999 - 2008

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	5	0	0	0	0	0	0	0	0
Sør-Fron	396	358	370	327	309	227	220	233	213
Ringebu	749	582	573	540	650	550	581	483	312
Midt-Gudbrandsdal	1150	940	943	867	959	777	801	716	525



Antall bruk med avlspurker

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	1	0	0	0	0	0	0	0	0
Sør-Fron	9	8	8	6	6	4	4	4	4
Ringebu	44	33	31	27	27	24	23	21	15
Midt-Gudbrandsdal	54	41	39	33	33	28	27	25	19

Antall avlspurker per bruk

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	5,0								
Sør-Fron	44,0	44,8	46,3	54,5	51,5	56,8	55,0	58,3	53,3
Ringebu	17,0	17,6	18,5	20,0	24,1	22,9	25,3	23,0	20,8
Midt-Gudbrandsdal	21,3	22,9	24,2	26,3	29,1	27,8	29,7	28,6	27,6


	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Midt-Gudbrandsdal	21,3	22,9	24,2	26,3	29,1	27,8	29,7	28,6	27,6
Oppland	16,7	20,1	22,1	23,1	25,4	27,7	33,2	35	36,2



Vinterfora sau

VINTERFORA SAU 1999 - 2008

	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	6823	7040	7102	6991	7505	7214	7230	6718	6614
Sør-Fron	7322	8250	7490	7836	8423	8072	7978	7240	7536
Ringebu	7942	8204	8287	8798	9303	9456	9300	9136	8906
Midt-Gudbrandsdal	22087	23494	22879	23625	25231	24742	24508	23094	23056
Antall bruk med sau									
	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	117	122	117	109	107	100	98	91	87
Sør-Fron	99	98	92	91	92	89	83	76	75
Ringebu	131	128	119	122	123	121	116	117	110
Midt-Gudbrandsdal	347	348	328	322	322	310	297	284	272
Antall v.f. sau per bruk									
	1999	2000	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Nord Fron	58,3	57,7	60,7	64,1	70,1	72,1	73,8	73,8	76,0
Sør-Fron	74,0	84,2	81,4	86,1	91,6	90,7	96,1	95,3	100,5
Ringebu	60,6	64,1	69,6	72,1	75,6	78,1	80,2	78,1	81,0
Midt-Gudbrandsdal	63,7	67,5	69,8	73,4	78,4	79,8	82,5	81,3	84,8
Midt-Gudbrandsdal	63,7	67,5	69,8	73,4	78,4	79,8	82,5	81,3	84,8
Oppland	57,9	59	62	65,5	70,5	71,8	73,4	73,2	75,5



SETRING

Talet på setrer i drift har gått ned.

ANTALL ENKELTSETRE

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Nord Fron	62	57	54	48	45	45	41	41
Sør-Fron	24	22	19	18	18	19	17	18
Ringebu	41	39	40	40	38	37	35	32
Midt-Gudbrandsdal	127	118	113	106	101	101	93	91
Oppland	622	600	568	543	524	514	485	470

Stående volum og produktivt areal summert frå områdetakster og andre takster i perioden 1984-2002 (her finst det ikkje nyare tal enn frå 2002).

Kommune	Takst	Takstår	Stående volum (kbm)			
			gran	furu	lauv	sum
Nord-Fron	omr.takst/alm Kolo, Espedalen ovf*	1992	625 852	1 211 193	158 007	1 995 052
		1995				
		1995				
Sør-Fron	omr.takst Fron alm ovf*	1993	845 115	131 718	110 139	1 086 972
		1991				
		1995				
Ringebu	omr.takst Statskog, 5 teiger ovf*	1996	1 436 989	248 374	101 165	1 786 528
		1982-95				
	*Opplysningsvesenets fond					

Kommune	Takst	Takstår	Prod. areal (daa)	
			takst	sum kommune
Nord-Fron	omr.takst/alm Kolo, Espedalen ovf*	1992	284 149	301 104
		1995	14 318	
		1995	2 637	
Sør-Fron	omr.takst Fron alm ovf*	1993	114 699	143 645
		1991	26 883	
		1995	2 063	
Ringebu	omr.takst Statskog, 5 teiger ovf*	1996	262 766	306 956
		1982-95	41 052	
			3 138	

*Opplysningsvesenets fond

	Prod. skoga real, daa	Tal på eigned omar *)	Prod. areal pr eiendom, daa	Balanse-kvantum	Avvirka kvantum Gj.sn. 1997-99	Avvirkn. i % av balanse kvantum
Oppland	67850 00	11046	614,2	1523000	1028276	67,5
Nord Fron	301 104	498	604,6	46000	15013	32,6
Sør-Fron	14364 5	334	430,1	27000	14603	54,1
Ringebu	30695 6	474	647,6	40000	29824	74,6
Midt-Gudbrandsdal	751 705	1 306	575,6	113 000	59 440	52,6

*) med skogavg.kto, dvs over 10 daa

2. MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR

Moglegheiter og utfordringar er summert opp på denne måten:

Moglegheiter:

Tradisjonelt landbruk med profesjonelle bønder er fundamentet som gjev gode moglegheiter for både vareproduksjon og tenesteproduksjon. Vi har ressursar som kombinert med tradisjonar og kunnskap gjer det mogleg å starte tilleggsnæring og nisjeproduksjon, t.d. med utgangspunkt i utmark og skog, seterdrift, bygningar, husdyr, råvarer og kultur.

Utfordringar:

Utvikling av landbruket i Midt-Gudbrandsdalen er avhengig av gode rammevilkår og langsiktigheit i verkemiddelbruken. Mange opplev både vernepolitikken og rovviltforvaltninga som ei utfordring i forhold til å drive landbruk. Det skal byggast ny E6 gjennom dalen, noko som kjem i konflikt med bl.a. jordvernet. Andre utfordringar er rekruttering, attgroing, prissetting (i tilleggsnæringer), kommunikasjon, samarbeid og informasjon.

3. MÅL FOR LANDBRUKET I MIDT-GUDBRANDSDAL

Primærlandbruket er grunnlaget for å utvikle andre næringar knytt til landbruket, og difor må primærlandbruket ligge i botn. Eit anna kriterium for å få til ei god utvikling framover, er samarbeid i vid forstand; både mellom gardar, med andre næringar, med det offentlege og med bygdefolket generelt. Dei arbeidsplassane som blir borte på grunn av effektivisering i landbruket, må vi prøve å erstatte ved å utnytte ressursane i landbruket på anna vis. Undervegs er det viktig med optimisme og tru på framtida.

Med bakgrunn i dette er det formulert følgande mål:

I Midt-Gudbrandsdalen skal vi ha eit offensivt landbruk der primærlandbruket utgjer grunnlaget. Vi vil vidareutvikle landbruksnæringa og bygge alliansar for å oppretthalde busetting og sysselsetting, og for å skape optimisme og framtidstru.

4. SATSINGSOMRÅDE

For å nå målet er det plukka ut fem satsingsområde:

1. Optimisme, framtidstru og yrkesstoltheit – for å tørre å satse må vi vere optimistar! Optimisme blir eit viktig kriterium for å lykkast!
2. Primærlandbruket – er bærebjelken i all utvikling i landbruket. Omfattar både tradisjonelt jordbruk og skogbruk. Viktig å støtte opp om primærlandbruket.
3. Tilleggsnæringer – viktig å utvikle tilleggsnæring når sysselsettinga i primærlandbruket går ned. Midtdalen har ressursar som gjer det mogleg!
4. Kompetansebygging – viktig med kompetanse, både innafor primærlandbruket og nye næringar slik at vi kan levere kvalitetsvarer og -tenester som forbrukaren vil ha.

5. *Samarbeid* – vi er avhengige av alliansepartar og samarbeidspartar i vid forstand for å skape ei god utvikling.

5. TILTAK

Under er det lista opp aktuelle tiltak – i stikkordsform – knytt til kvart einskild satsingsområde. Lista er på ingen måte uttømmende, og det er ikkje gjort noko prioritering.

SATSINGSOMRÅDE	TILTAK
1. Optimisme, framtidstru og yrkesstoltheit	<ol style="list-style-type: none"> 1. Lage møteplassar/bygge nettverk 2. Marknadsføre landbruksnæringa utad på ein positiv måte 3. Drifte og vidareutvikle nettstaden www.midtdalsbonden.no 4. Informere politikarar om landbruket
2. Primærlandbruket	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ta vare på og utvikle kulturlandskapet som ein ressurs (ev kople det til produksjon av bioenergi) 2. Sjå på økonomien i dei ulike produksjonane. Vurdere moglegheiter for å sette i gang med produksjonar vi har lite av, som t.d. kylling, svin, grønsaker, bær. 3. Arbeide for å rekruttere nye/unge bønder 4. Vurdere moglegheit for flisproduksjon til talle/strø i husdyrproduksjonane og flis til fyring/bioenergi 5. Arbeide for eit sterkare jordvern, både generelt og med tanke på ny E6 6. Etablere kommunale el interkommunalt landbruksfond i Midt-Gudbrandsdal 7. Bidra til å rekruttere avløyssarar 8. Arbeide for lokal støtte til kjøp av mjølkekvote 9. Rovdyr/beitedyr: Tiltak for å ta vare på beitedyr 10. Skogsvegbygging 11. Haldningsskapande arbeid for langsiktigheit i skogen 12. Arbeide for auka avvirkning i skogen. 13. Grenseoppgang for skogeigedomar (tilsvarande gardskart) 14. Få i gang beitekartlegging 15. Arbeide for å få innløyssing av beiterett før utbygging i hytteområda.
3. Tilleggsnæringar	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bidra til å få i gang energiproduksjon 2. Utvikle bioenergi som tilleggsnæring 3. Utnytte husmasse med ledig kapasitet, t.d. til utleige 4. Kartlegge ressursar på gardane med tanke på vidare næringsutvikling 5. Bidra til å starte med Inn på Tunet-tilbod 6. Lage opplegg for turistar på garden med t.d. matopplevingar, fjøsbesøk, gardsarbeid 7. Utvikling av seterressursane (kommersialisering) 8. Utvikle aktivitetsferie (fjellklatring, kano, jakt m.m.) 9. Opprusting/meir kommersialisert bruk av Pilegrimsleden 10. Rydde og skilte gamle råk/stigar/vegar 11. Legge til rette for fiskeopplevingar (rydde fiskeplassar, båtutleige, lage måltid av fisken)

SATSINGSOMRÅDE	TILTAK
Forts. tilleggsnæringar	12. Restaurere gamle hus 13. Fjerne gamle gjerder 14. Foredling av storviltkjøtt
4. Kompetansebygging	1. Bidra til at alle skaffar seg kompetansebevis. Dokumentert fagkunnskap er viktig for tillit og omdøme. 2. Organisere fadderordning for unge og nye bønder 3. Kurs i HMS. Eit aktuelt område er trafikksikkerheit (jf køyring med rundballepigge og annan farleg reiskap) 4. Språk: Utarbeide kurs, brosjyrer o.l. for å gjere det lettare å kommunisere med utanlandske arbeidstakarar. 5. Arrangere spesialkurs/fagkurs som gjeld t.d. mjølk, kjøtt, føring, grovførkvalitet, økonomi, bygningslære 6. Arrangere praktiske kurs, t.d. snekring/vedlikehald av hus 7. Arrangere temakveldar, t.d. om ammegeit (jf. kulturlandskap) 8. Arrangere fagdagar/ekskursjonar/faglege treff 9. Intensivkurs for nyetablerte i landbruket (landbrukskurspakke med positive eldre gardbrukarar). 10. Oppfølging av etablerarar (marknadsføring, sal)
5. Samarbeid	1. Arbeide for å utvikle/legge til rette for fellestiltak og samarbeid i næringa, t.d. samarbeid om fjøs og beite for sau og ammeku 2. Organisere samarbeid om spredeareal 3. Samarbeide om informasjon til folk utanfor næringa for å auke kunnskap og forståing for landbruket 4. Samarbeid/allianse med bygdefolk, invitere folk utanfor landbruksnæringa t.d. til landbrukets dag eller open dag, samarbeid med skule/barnehage 5. Bidra til å samordne rådgjevingstilbodet. Klargjere reglar og ansvar (kven gjer kva), t.d. Mattilsynet – andre rådgjevarar (private, samvirke og offentlege) 6. Samordning av kurs og fagdagar 7. Oppretthalde primærnæringsutvalet for å vidareutvikle samarbeidet mellom faglaga 8. Samarbeide med kommunane om Grøn omsorg

6. OPPFØLGING AV PLANEN

Primærnæringsutvalet har som hovudoppgåve å følge opp *Handlingsplan for landbruket i Midt-Gudbrandsdal 2009 – 2012*. Fylkesmannen si regionstilling i Midt-Gudbrandsdal er sekretær for utvalet og kan koordinere arbeidet med planen.

Kvart år står primærnæringsutvalet ansvarleg for å prioritere eit eller fleire tiltak frå planen og gjennomføre det.